

Møtebok FR 15. juni 2022

Råd/utval: Stord kyrkjelege fellesråd.
Tid: Onsdag 15. juni kl. 19:00
Møtestad: Kyrjekontoret
Opningsord: Dag

TIL STADES: Dag Sele (Stord), Jens Arne Stautland (Nysæter), Anders Dahl (1. vara Stord)
Jørgen Knudsen (geisteleg representant), Øyvind Kyvik (kommunal representant),
og Liv Kari Bru (kyrkjeverje/dagleg leiar)

FRÅVER: Nils Dale Elde (Stord), Marit Stalheim Grimstad (Nysæter).
Heine Kaldefoss (1. vara Nysæter) og Karen Valvatne (2. vara Nysæter) var innkalt, men
kunne ikkje møta.

Saksliste

Saksnr.	A.kode	Sak tittel
---------	--------	------------

2022/14 012.1 Godkjenning av innkalling og saksliste.

Vedtak:

*Rekkefølge på sakene vert endra i forhold til saklista. Dette pga at Jørgen Knudsen vert sein til møtet
Elles godkjent utan merknader.*

Samrøysta vedteke.

2022/15 012.1 Godkjenning av møtebok frå fellesrådsmøte 20. april 2022.

Vedtak:

Godkjent utan merknader.

Samrøysta vedteke.

2022/16 046 Godkjenning av årsmelding for Stord kyrkjelege fellesråd 2021.

Vedtak:

Stord kyrkjelege fellesråd godkjenner årsmeldinga for 2021.

Samrøysta vedteke.

2022/17 131 Økonomirapport pr. 31.05.2022.

Vedtak:

Rekneskapsrapporten pr. 31.05.2022 vert teke til vitande.

Samrøysta vedteke.

2022/18 211 Utlysing av stilling som soknediakon/diakonimedarbeidar

Vedtak:

Stord kyrkjelege fellesråd ber om at det vert arbeidd meir med utlysingsteksten i tråd med det som kom fram på møtet. AU vedtek endeleg utlysingstekst.

Samrøysta vedteke.

2022/19 211 Utlysing av stilling som kontor i Stord.

Vedtak:

Stord kyrkjelege fellesråd ber om at det vert arbeidd meir med utlysingsteksten i tråd med det som kom fram på møtet.

AU vedtek endeleg utlysingstekst.

Samrøysta vedteke.

2022/20 029 Sommarfullmakt til AU 2022

Vedtak:

Stord kyrkjelege fellesråd gir arbeidsutvalet (AU) fullmakt til å gjera vedtak på vegne av rådet i sommarferien, avgrensa til saker som fellesrådet etter gjeldande lover og reglar har høve til å delegera. Vedtaka skal leggjast fram for fellesrådet i første møte etter sommarferien.

Samrøysta vedteke.

2022/21 020 Møteplan for fellesrådet 2. halvår 2022

Vedtak:

Stord kyrkjeleg fellesråd vedtek følgjande møteplan for 2. halvår 2022:

AU: Onsdag 31. aug. kl. 16:00

FR: Onsdag 14. sept. Kl. 17:00

AU: Torsdag 20. okt. kl. 16:00

FR: Onsdag 02. nov. kl. 17:00

AU: Onsdag 30. nov. 16:00

FR: Onsdag 14. des. kl. 17:00

Samrøysta vedteke.

2022/22 273 DØGNET 2023

Vedtak:

Døgnet 2023 vert arrangert fredag 13.-laurdag 14. januar 2023 i Haugesund.

Samrøysta vedteke.

2022/23 243 Godkjenning av samordning av HMT-arbeid mellom Bjørgvin bispedømmeråd og Stord kyrkjelege fellesråd.

Vedtak:

Stord kyrkjelege fellesråd godkjenner den framlagde samordningsavtalen.


Samrøysta vedteke.

Referat, meldingar, orienteringar:

- Nytt frå Stord Sokneråd v/ Dag & Anders
 - Soknerådet hadde siste møte før sommarferie, heime hos sokneprest Olav. Dette var siste soknerådsmøte saman med Olav.
 - Utlysing av sokneprest i Stord. Tilsetjing i Bjørgvin bispedømeråd 26. oktober. Oppstart på nyåret for den nye soknepresten.
 - Det vert avslutningsgudsteneste for Olav J. Oma søndag 21. august.
 - Flott å vera med på stand i Leirvik sentrum laurdag 11. juni i samband med "Folk i sentrum"-dagane. Gudsteneste på Osvald pub søndag 12.juni var ei svært positiv erfaring.
- Nytt frå Nysæter sokneråd v/ Jens Arne & Jørgen
 - Flott gudsteneste ved gapahuken i Hustrudalen.
 - Antal gudstenestebesøk i Nysæter har auka.
 - Gudstenesteplan for hausten 2022 er vedteken.
 - Søndagsskulen i Nysæter er lagt ned. Soknerådet drøftar kva som skal skje vidare.
- Referat frå Kyrkjestova Fredheim v/ Dag og Anders
 - Triveleg dugnad er gjennomført.
 - Dei formelle tinga knytt til leing og drift av Kyrkjestova er no, for det meste, på plass.
 - Arbeider med å leggja til rette for auka gjevarteneste.
 - Basar til hausten.
- Referat frå komiteen som arbeider med kyrkjelydshus v/ Anders
 - Hurtigarbeidande komitè er i gang for å sjå på ulike alternativ for plassering av kyrkjelydshus. Skal ha møte seinare i kveld (15. juni).
- Nytt frå staben:
 - Stillingar og status.
 - Feireplan 2022 for alle tilsette.
 - Status i forhold til avgang og oppstart for ulike tilsette.
- Nytt frå gravplassane.
 - Sommarsesongen er i gong. Færre ungdom i sommarjobb enn tidlegare.

Stord 15. juni 2022
For Stord kyrkjelege fellesråd

Dag Sele
Leiar



Liv Kari Bru
Kyrkjeverje/dagleg leiar

**Neste møte i fellesrådet er
onsdag 14. sept. 2022 kl. 17:00**